


*Program for årsmøtet 2020*

# Moster Indremisjon

Sakliste, årsmeldingar, rekneskap, val  
25.04.2021



*«Jesus Kristus er i går og i dag den same,  
ja, til evig tid»*

# INNHALD

|   |    |
|---|----|
| Sakliste for årsmøtet .....                         | 3  |
| Årsmøtesaker, sak 1-12 .....                        | 3  |
| Sak 1    Godkjenning av innkalling og sakliste..... | 3  |
| Sak 2    Val av møteleiar.....                      | 3  |
| Sak 3    Val av referent .....                      | 3  |
| Årsmelding 2020 for Moster Indremisjon, sak 4 ..... | 5  |
| Årsmelding for AKTIV .....                          | 9  |
| Årsmelding for «Bibel, mat og prat» .....           | 10 |
| Rekneskap for 2020 og budsjett 2021, sak 5.....     | 11 |
| Resultatrekneskap 2020 med budsjett og noter.....   | 11 |
| Balanse 2020 .....                                  | 13 |
| Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett..... | 13 |
| Revisorane si godkjenning.....                      | 14 |
| Godkjenning av budsjett for 2021, sak 6.....        | 15 |
| Sjå framlegg til budsjett under sak 5 .....         | 15 |
| Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet .....    | 15 |
| Sak 7-10 .....                                      | 15 |
| Samtale om arbeidet, sak 11 .....                   | 15 |

## Sakliste for årsmøtet for Moster Indremisjon

Søndag 21.03 2021 kl. 19:00

### **Opning – Andakt v/Bjarne**

Årsmøtesaker, sak 1-12

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste**

Sak 2 Val av møteleiar

**Styret gjer framlegg om ARNE BORGEMYR som møteleiar**

Sak 3 Val av referent

**Styret gjer framlegg om at sekretær for styret, ELISABETH LANGSETH ESPERØ blir valt som referent.**

Sak 4 Godkjenning av årsmelding for 2020

**Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2020.**

Sak 5 Godkjenning av Rekneskapen for 2020

**Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2020**

Sak 6 Godkjenning av Budsjett for 2021

**Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett for 2021**

Sak 7 Val av formann for eitt år

Framlegg frå valnemnda: NN

**Vedtak: NN blir valt til formann for eitt år.**

Sak 8 Valnemnda har gjort framlegg til kandidatar (sjå s. 15)

**Vedtak: Desse vart valde:**

Sak 9 Val av revisorar

Styret gjer framlegg om attval av desse som revisorar for 2021:

Ingunn Hilt Grindheim

Camilla Rubach

**Vedtak: Disse vart valde til revisorar:**

Sak 10 Val av valnemnd for 2021

**Valnemnda sitt framlegg:**

Bjørn Roar Kippersund, attval. (leiar)

Lars Espeland

Roy Pedersen

**Framlegg til vedtak: Disse vart valde til valnemnd. Bjørn Roar syter for å kalle inn nemnda.**

Sak 11 Samtale om arbeidet

Sak 12 Eventuelt

## Årsmelding 2020 for Moster Indremisjon, sak 4

### Styret si årsmelding for 2020


#### *Jesus er den same*

Styret vil gjerne innleie denne meldinga med bibelordet: «*Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid*» (Hebr. 13,8). Etter eit år med korona der mykje vart annleis og ustabil, er det godt å minne kvarandre på at Han vi trur på, Jesus Kristus, er den same no som før. Han som kom til jord for 2000 år sidan, lever i dag. Han elsker oss og går i forbønn for oss. Han sa at alle som slit og har tungt å bera, kan kome til han. Han vil gi oss kvile. Og Paulus seier: «*Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseining. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus*».

Også no, i vår situasjon med frykt for epidemien og mykje usikkerheit, er Jesus den same. Han har omsut for deg og meg.

#### *Verknad av korona*

Den 12. mars 2020 vart mykje av landet vårt stengt ned i eit forsøk på å stanse koronaepidemien som no var registrert i Noreg. Ingen kunne samlast i kyrkje, bedehus, på kino, teater eller idrett. Skulane vart stengde, og lærarar og elevar måtte omstille seg til å ha undervisning via internett. Alle arbeidstakarar med oppgåver som gjorde det mogleg, måtte arbeide frå heimekontor. Og etter kvart vart mange permitterte. Styresmaktene løyvde milliardsummer for å støtte verksemdar og aktivitetar som vart råka.



All verksemd i Salem vart avlyst. I eit semester der vi hadde planlagt å setje særleg fokus på Bibelen, Guds ord og forkynninga, vart det eit paradoks at vi ikkje lenger kunne samlast om Ordet i Salem.

Den einkilde fekk no meir ansvar for å søkje Ordet sjølv frå Bibelen og ulike media.



Etter kvart vart det mogleg å ha møte med større avstand og smitteverntiltak. Utover våren var det nokre bønne- og ei semesteravslutning i juni. Det vart og mogleg å ha møte i august og september før smittesituasjonen igjen førte til avlysingar.

Sidan dei fleste arrangement vart avlyste, er det ikkje eigne årsmeldingar for kvart av arbeidsområda i år. Men det viktigaste

blir omtala i denne meldinga.

#### *Forsamlingsleiar*

Gjennom fleire år har det vore arbeid med planar om å tilsetje forsamlingsleiar i Salem. Styret førebudde dette gjennom 2019 og lyste ut inntil full stilling i desember med søknadsfrist 7. januar 2020. Då hadde styret mottatt ein søkjar. Alle veit no at det var frå Bjarne Notland. Av omsyn til arbeidsgjevaren hans kunne vi ikkje informere på årsmøtet om kven søkjaren var, og familien var då på utanlandsopphald.

Styret hadde samtalar med Bjarne utover våren, og dette førte til at han vart tilsett i 50 prosent stilling frå 1. august. Han hadde då avtale om å halde fram i 50 prosent hos sin tidlegare arbeidsgjevar. Det var ein føresetnad at styret skulle revurdere stillingsstorleik etter eit år i tenesta.



Styret var overtydd om at Bjarne var den rette person for denne stillinga, og forsamlinga har og tatt godt imot han. På samlingsfesten den 23. august vart det markert med forbønning at han no var innsett i tenesta.

Bjarne har vist gjennom hausten at han brenn for Salem, for forkynninga og at vi må sjå vårt ansvar som Jesu disiplar. Han har og stor omsorg for barne- og ungdomsarbeidet, og tek aktivt del i bibelgrupper for unge. Det har også vore ein stor styrke at Bjarne har tatt ansvar for ein del administrative oppgåver. Han har og starta ein nyttig praksis med å møte dei ulike arbeidslag som t.d. vaktmeistrane, for å høyre kva dei er opptekne av – og understreke kor viktig deira teneste er.

I løpet av sommaren vart det klart at Bjarne likevel ikkje kunne halde fram i delstilling hos tidlegare arbeidsgjevar. Derfor har styret gjort vedtak om at han går over i full stilling i Salem frå 01.01.2021.

### **Møtehelger**

Våren 2020 var planlagt med møte kvar søndag, anten kl. 11 eller kl. 19. Styret hadde sett bibelen, Guds Ord, som eit overordna tema etter at vi hadde bønning som semestertema hausten 2019. Forkynnaren Oddvar Sjøvik skulle ha møtehelg om bønning hausten 2019, men dette vart flytt til februar. Han hadde då 4 bibeltimar med desse tema frå Ap.gj. 2,42:

- Trofast holdt de seg til fellesskapet
- Trofast holdt de seg til bønnene
- Trofast holdt de seg til brødsbrytelsen
- Trofast holdt de seg til apostlenes lære

Du kan finne skriftleg samandrag her: [https://salem-moster.no/?page\\_id=1255](https://salem-moster.no/?page_id=1255)

Ei planlagt møtehelg med Egil Elling Ellingsen, pastor i IMI-kyrkja i Stavanger, den 18. – 20. september vart gjennomført. Han formidla viktige sider ved kristenlivet ut frå hovudtema **Fellesskap** gjennom 4 bibeltimar.

### **Barne- og ungdomsarbeid**

Ungdomslaget **AKTIV** har hatt høve til å møte ein del laurdagar også dette året. Sjå eiga melding nedanfor.

Då søndagssamlingane vart avlyste i vår, vart det heller ikkje søndagsskule. Myldredag har vore avlyst frå mars 2020. Derfor har det meste av barnearbeidet stansa opp.

I løpet av sommaren var det to-tre familiar som fekk det for seg at det skulle vore eit tilbod om bibelgrupper for barn og unge i Salem. Dette førte til at dei sende invitasjon til alle aktuelle i 5. – 10. klasse. Det var eit håp om at kanskje 15-20 ville ta imot. Derfor vart overraskinga stor då over 40 barn og unge ønskte å vere med! Då oppstod det ei utfordring med å få nok leiarar. Men gruppene kom i

gong under namnet «**Bibel, mat og prat**». Det er samling kvar veke, og fram møtet har vore veldig oppmuntrande. Etter kvart har andre enn gruppeleiarane vore med å førebu mat til gruppene.

I løpet av året har styret meldt Salem inn i Awana. Dette er Indremisjonsforbundet si satsing på materiell som kan gi systematisk trusopplæring for barn og unge heilt frå 2 – 18 års alderen. Leiarane vurderer no å ta i bruk materiell frå Awana både i søndagsskule, Aktiv og elles i barne- og ungdomsarbeidet.



### ***Haustmessa vart til Adventskalender***

Det var uråd å arrangere haustmessa. Denne har kvart år gitt oss ei netto inntekt på over 200.000 kroner, og derfor var det nokre kreative personar som kom opp med eit godt alternativ. Vi fekk godkjenning av eit såkalla smålotteri med ei salsramme på 200.000 kroner. Det var loddsal i november gjennom ulike kanalar. Trekninga vart gjennomført siste dag i november, men vinnar og



gevinstar vart gjort kjent som ein adventskalender frå 1. – 24. desember. Kvar dag vart vinnar av ein hovudgevinst og 2 trøystegevinstar gjort kjent på Facebook saman med eit kapittel frå Lukas-evangeliet. Rekneskaper viser at det kom inn netto 163.912 kroner på lotteriet. Mange av gevinstane var gåver. Både gjevarar, loddkjøparar og dei som organiserte lotteriet fortener stor takk for innsatsen.

### ***Avlysingar***

Både planlagt weekend til Brandøy og HalloVenn måtte avlysast. Det same skjedde med Herrenes aften og den tradisjonelle juletefesten. Det var planlagt eit fellesmøte med Sion både om våren og hausten, som dessverre måtte gå ut. Det same skjedde med eit planlagt møte i «Søtt og Salt».

Styret hadde vedtatt at Myldredagen skulle gå ut våren 2020 då det ikkje hadde lukkast å få nokon til å ta hovudansvar for arrangementet. Seinare har korona sett ein stoppar for dette. Styret må ta ei endeleg vurdering om og i kva form Myldredag eventuelt skal førast vidare når koronasituasjonen gjer det mogleg.

### ***Styret sitt arbeid***

Årsmøtet for 2019 vart halde torsdag 13. februar med val og handsaming av årsmelding, rekneskap og budsjett. I samtalen kom det fram at det var trong for frivillige til fleire av oppgåvene i Salem. Det var og eit innlegg om at vi må prioritere tida vår tydeleg slik at det vert meir engasjement i forsamlinga.

Etter årsmøtet var desse i styret:

Arne Borgemyr, styreleiar

Vermund Hjelland, nestleiar

Elisabeth Langseth Esperø, sekretær

Bjarne Notland (frå 01.08 gjekk han ut av styret som vald medlem)

Ingvil Aase Manangi  
Birgit Pedersen  
Unn Silje Stølen

Vararepresentantar:

Første vara: Solveig Stølen Solås (frå 01.08. fast styremedlem)

Andre vara: Torbjørn Steinsland

Tredje vara: Nils Otto Espeland

Styret gjorde vedtak om at Bjarne Notland skulle gå ut av styret som vald representant frå 1. august med den grunngjevinga at styret vart hans næraste overordna då han tok til i stillinga som forsamlingsleiar. Frå same dato rykka Solveig Stølen Solås opp som fast styremedlem for resten av perioden. Bjarne har som leiar møte- tale- og forslagsrett i styret, men ikkje røysterett.

Styret har hatt i alt 9 møte og handsama vel 80 saker. Alle 3 vararepresentantar vert kalla inn til alle møta i styret. Dette er dei viktigaste tema:

- Møteplanar, førebuing 23 saker
- Forsamlingsleiar 7 saker
- Hjartestartar 5 saker
- Informasjonssaker 4 saker
- Div. mindre saker 15 saker
- Godkj. Innkall./referat 18 saker

### ***Vedlikehald og investeringar***

I løpet av våren var det meste av utvendig maling av hus og tribune gjennomført. Det vart også montert hjartestartar i foajeen.

I budsjettet var det sett av midlar til ny oppvaskmaskin. Styret saman med Audny gjorde den vurderinga at vi også burde kjøpe ein raskare oppvaskmaskin på kjøkenet nede. Det vil gjere det meir tenleg å leige ut oppe og nede samtidig då mindre lag nede ikkje treng å nytte kjøkenet oppe og transportere kjørel opp og ned. Det vart derfor innhenta tilbod på to maskinar. Endeleg installasjon har skjedd i februar 2021.

### ***Økonomi***

Rekneskapen for 2020 er revidert og godkjent av dei valde revisorane. Mange av postane i rekneskapen er påverka av at dette året har vore annleis med mange avlysingar og redusert drift.

Rekneskapen viser eit netto overskot på kr. 77.250 kroner. Det var budsjettet eit overskot på kr. 246.764 kroner, men det var opplyst på sist årsmøte at utgifter til forsamlingsleiar ikkje var tatt med i budsjettet då det ikkje var kjent på det tidspunktet. Korrigert for bokførte lønnskostnader hausten 2020 på om lag 155.000 kroner, blir budsjettet om lag 91.000 kroner.

Fleire avvik frå budsjettet har medverka til resultatet, både positivt og negativt. Ei budsjettert investering i maskinar (ny oppvaskmaskin) på kr. 60.000 blir ikkje belasta rekneskapen før i 2021. Det var og budsjettert 93.000 kr. meir i fast gjevarteneste enn dei 607.000 kroner som kom inn. Ennå eit moment er at det kom inn noko mindre på lotteriet enn det som var budsjettert for haustmessa. Ein verknad av redusert drift er at kostnad til straum er 14.000 kroner lågare enn budsjettert.



Det har vore færre møte og samlingar enn vanleg, og det påverkar inntekter frå kollektar. Til IMS (Samskipnaden) er det i 2020 likevel overført 43.800 kroner. Det er 3.800 over budsjettet og om lag 7.000 kroner meir enn året før. Kollektar til andre organisasjonar har gått ned frå om lag 109.000 til 30.000 kroner.

I haust vart det gjort eit arbeid med å oppdatere medlemslistene, og det vart sendt ut krav på medlemskontingent. Styret fastsette ein kontingent på kr. 100 for vaksne og kr. 25 for kvart barn. Dei fleste innbetalingar er gjort via Vipps, og har ikkje blitt skilt ut på rett konto. Derfor er berre bokført 350 kroner i rekneskapen. For 2021 er det oppretta eigen bankkonto for kontingent slik at det blir lettare å finne innbetalt kontingent.

### **Takk og helsing**

Styret vil også i år takke alle i forsamlinga for frivillig innsats på dei ulike felt og for gåver som er gitt. Sjølv om vi no har fått ein forsamlingsleiar, er Salem heilt avhengig av det frivillige engasjementet som de syner. Vi trur at denne koronatida har vist oss kor verdifullt fellesskapet vårt i Salem er. Det er og eit sterkt håp for styret og for oss alle at vi snart kan samlast igjen om Guds Ord og kjenne på fellesskapet i trua. Styret ønskjer alle Guds rike velsigning og tar opp att helsinga frå starten av denne årsmeldinga:

**«Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid»** (Hebr. 13,8)

### **Mosterhamn, 09.03.2021**

**Arne Borgemyr**  
Styreleiar

**Vermund Hjelland**  
Nestleiar

**Elisabeth Langseth Esperø**  
Sekretær

**Ingvil Aase Manangi**  
Styremedlem

**Birgit Pedersen**  
Styremedlem

**Unn Silje Stølen**  
Styremedlem

**Solveig Stølen Solås**  
Styremedlem

**Torbjørn Steinsland**  
Varamedlem

**Nils Otto Espeland**  
Varamedlem

---

**Bjarne Notland**  
Forsamlingsleiar

## **Årsmelding for AKTIV for 2020**

Aktiv er eit tilbod for ungdom frå 8. klasse og oppover med samlingar laurdag klokka 2030. I 2020 hadde me til saman 11 møte, noko som er ein del færre enn vanleg. Årsaka til dette var at me delar av året ikkje kunne samlast på grunn av smitteverntiltak i samband med koronapandemien. Frammøtet gjennom året låg på mellom 20 og 40 ungdommar.

Eit vanleg møte startar med andakt og felles leikar eller konkurransar. Etter dette har me open kiosk med sal av is, brus og ulike søtsaker. Me har og fleire ulike spel, blant anna bordtennis, biljard og Playstation. Den siste laurdagen i året arrangerte me den tradisjonsrike pepparkakehusbyggekonsurransen.

**Leiarar:** Aksel Lygre, Bjarne Stølen, Solfrid Hjelland, Vermund Hjelland, Bjarne Notland, Oddgeir Esperø, Ove Johan Borgemyr

**Styret 2020:** Aktiv hadde ikkje eit fungerande styre i 2020.

**Andakt:** I februar hadde me besøk av Oddvar Søvik som hadde andakt om likkledet i Torino. Dei andre laurdagane var det leiarane som hadde andakt.

Oppmøtet i 2020 var betre enn året før. Særleg i haustsemesteret låg oppmøtet jamt på rundt 30 kvar laurdag. Alle dei tre klassestega på ungdomsskulen var godt representerte på dei fleste møta. Me håpar det held fram slik.

*Ove Johan Borgemyr*

## Årsmelding for «Bibel, mat og prat»

I løpet av august vart det klart at det var 3 par som ynskte å starte opp med bibelgrupper for barn og ungdom. Kristine & Ove Johan Borgemyr, Silje & Tore Alvsvåg og Nina & Bjarne Notland møtte onsdag 26. august for å planlegge korleis dette kunne gjennomførast. Vi inviterte ungdomane til å komme på Salem onsdagen etter, 2. september, 5.-7. klasse møtte nede i barnerommet og 8.-10. klasse møtte i matsalen. Det vart sendt ut SMS til alle i forsamlinga som var i aldersgruppa 5 til 10 klasse. Vi trudde ikkje det ville kome så mange, men vart svært overraska då oppmøtet vart på over 40 ungdomar totalt.

Med så mange deltakarar såg vi at vi måtte dele opp i fleire grupper og skaffe fleire gruppeleiarar. Vi fekk då med oss Knut Fauskanger, Bjørn Roar Kippersund og Solfrid & Roy Pedersen. Gruppene har stort sett vore delt på klassetrinn med unntak av dei eldste der vi har 9 og 10 saman men delt på gutar og jenter:

- 5. klasse – Silje og Tore
- 6. klasse – Nina og Bjarne
- 7. klasse – Nina og Bjarne
- 8. klasse – Solfrid og Roy
- 9. og 10. klasse gutar – Knut og Bjørn Roar
- 9. og 10. klasse jenter – Kristine og Ove Johan

Vi har hatt ein liten nedgang av faste deltakarar i løpet av hausten, men på Juleavslutninga kom det 47 ungdommar. Opplegget er enkelt og greitt slik namnet er. Vi held på ein time og på den timen har vi ca 20-30 minutt der vi et og pratar saman. Matlaginga er det dei tidlegare kokkane på Myldredag som tek seg av. Solfrid Hjelland organiserer dette. Det vert servert saft, bollar, lappar, vaflar, ostesmørbrød og pizza. På fellessamlingar har vi også slått til med litt is i tillegg.

Resten av tida les vi ein tekst i bibelen og samtalar om innhaldet. Nokre av gruppene har også ein liten spørjekonkurranse til slutt som går på innhaldet i teksten dei har lese. Alle gruppene har starta med Markus evangeliet.

*Bjarne Notland*

## Rekneskap for 2020 og budsjett 2021, sak 5

## Resultatrekneskap 2020 med budsjett og noter

|                                   | Res-2019             | Bud-2020             | Res-2020           | Noter | Bud-2021          |
|-----------------------------------|----------------------|----------------------|--------------------|-------|-------------------|
| <b><u>INNTEKTER</u></b>           |                      |                      |                    |       |                   |
| 3130 Haustmesse                   | 213.491,77-          | 230.000,00-          | 163.912,13-        | 1)    | -200 000          |
| 3131 Hallovenn                    |                      | 30.000,00-           | 0,00               | 2)    | -20 000           |
| 3132 Myldredag                    | 58.517,73-           | 60.000,00-           | 4.108,62-          | 3)    | -60 000           |
| 3133 Herrenes Aften               | 63.137,82-           | 60.000,00-           | 0,00               | 4)    | -50 000           |
| 3137 Konsert                      | 16.884,37-           | 10.000,00-           | 0,00               |       | -10 000           |
| 3140 Medlemskontingent            | 750,00-              | 6.000,00-            | 350,00-            | 5)    | -11 250           |
| 3150 Barnelag                     | 24.815,79-           | 25.000,00-           | 19.592,00-         |       | -25 000           |
| 3160 Bedehusforeningen            | 5.233,00-            | 5.000,00-            | 2.210,00-          |       | -5 000            |
| 3210 Givertjeneste                | 586.974,81-          | 700.000,00-          | 607.450,00-        | 6)    | -700 000          |
| 3220 Gaver Salem                  | 5.368,50-            |                      | 6.635,37-          |       | -6 000            |
| 3240 Offentlig støtte             | 3.042,00-            | 3.000,00-            | 2.516,00-          |       | -2 500            |
| 3241 Merverdiavgiftkomp.          |                      | 25.000,00-           | 35.247,00-         |       | -25 000           |
| 3245 Grasrotandelen               | 15.590,28-           | 15.000,00-           | 12.996,57-         |       | -13 000           |
| 3600 Utleie                       | 42.900,00-           | 50.000,00-           | 35.200,00-         |       | -40 000           |
| 3890 Diverse inntekter            | 5.264,00-            | 5.000,00-            | 33.186,00-         |       | -10 000           |
| <b>SUM INNTEKTER</b>              | <b>1.041.970,07-</b> | <b>1.224.000,00-</b> | <b>923.403,69-</b> |       | <b>-1 177 750</b> |
| <b><u>KOLLEKTER</u></b>           |                      |                      |                    |       |                   |
| 3905 Kollekt Salem                | 61.445,46-           | 65.000,00-           | 76.473,06-         |       | -75 000           |
| 3910 Kollekt IMS                  | 27.355,49-           | 40.000,00-           | 39.731,40-         |       | -40 000           |
| 3930 Kollekt andre                | 100.317,51-          | 100.000,00-          | 29.904,76-         |       | -50 000           |
| <b>SUM KOLLEKTER</b>              | <b>189.118,46-</b>   | <b>205.000,00-</b>   | <b>146.109,22-</b> |       | <b>-165 000</b>   |
| <b><u>OVERFØRTE KOLLEKTER</u></b> |                      |                      |                    |       |                   |
| 4210 Overført Indremisjonssam.    | 36 406,00            | 40 000,00            | 43 818,00          |       | 40 000            |
| 4230 Overført andre               | 109 745,50           | 100 000,00           | 30 695,00          |       | 50 000            |
| 4235 Foredragsholdere             | 2 000,00             | 10 000,00            | 17 186,00          |       | 10 000            |
| <b>SUM OVERFØRTE KOLLEKTER</b>    | <b>148 151,50</b>    | <b>150 000,00</b>    | <b>91 699,00</b>   |       | <b>100 000</b>    |
| <b><u>FORSAMLINGSLEDER</u></b>    |                      |                      |                    |       |                   |
| 5000 Forsamlingsleder             |                      |                      | 155 174,00         | 7)    | 316 000           |
| <b>SUM FORSAMLINGSLEDER</b>       |                      |                      | <b>155 174,00</b>  |       | <b>316 000</b>    |
| <b><u>DRIFTSKOSTNAD</u></b>       |                      |                      |                    |       |                   |
| 6200 Elektrisitet                 | 32 655,57            | 40 000,00            | 25 909,09          | 8)    | 50 000            |
| 6300 Kommunale avgifter           | 8 893,83             | 10 000,00            | 7 571,00           |       | 8 000             |
| 6320 Brannvern                    | 11 770,00            | 12 000,00            | 41 815,41          |       | 12 000            |
| 6540 Inventar                     | 5 148,10             | 10 000,00            | 810,00             |       | 5 000             |

|  |             |             |            |     |         |
|--|-------------|-------------|------------|-----|---------|
| 6550 Maskiner                            | 10 494,00   | 60 000,00   | 19 157,69  | 9)  | 80 000  |
| 6560 Lyd/Bilde                           | 49 029,00   | 40 000,00   | 5 148,00   |     | 40 000  |
| 6565 Kopimaskin                          | 1 233,75    | 3 000,00    | 6 883,00   |     | 8 000   |
| 6570 Utomhus arbeider                    | 14 617,13   | 20 000,00   | 0,00       |     | 5 000   |
| 6600 Vedlikehold                         |             | 10 000,00   | 5 009,67   |     | 10 000  |
| 6700 Programvare                         | 1 275,00    | 2 000,00    | 1 275,00   |     | 2 000   |
| 6800 Kontorrekvisita                     | 1 342,00    | 2 000,00    | 1 869,08   |     | 2 000   |
| 6820 Trykksak                            | 847,00      |             | 0,00       |     | 0       |
| 6900 Telefon, porto, kopiering           | 3 090,75    | 5 000,00    | 0,00       |     | 5 000   |
| 6910 Bredband, web                       | 10 491,00   | 12 000,00   | 18 747,25  |     | 20 000  |
| 7320 Moteannonsering                     | 24 913,75   | 25 000,00   | 13 857,00  |     | 25 000  |
| 7321 Annonsering<br>forsamlingsleiar     | 20 739,90   |             | 3 750,00   |     | 0       |
| 7351 Hallovenn                           |             | 20 000,00   | 0,00       | 2)  | 20 000  |
| 7353 Myldredag                           | 27 577,56   | 30 000,00   | 6 288,09   | 3)  | 30 000  |
| 7354 Utgift givertjeneste                | 4 906,00    | 5 000,00    | 4 643,00   |     | 5 000   |
| 7355 Mat og annet<br>forbruksmateriell   | 40 605,37   | 45 000,00   | 13 717,12  |     | 20 000  |
| 7356 Blomster                            | 5 306,07    | 6 000,00    | 2 246,30   |     | 2 500   |
| 7357 Søtt og Salt                        | 5 000,00    | 8 000,00    | 0,00       |     | 0       |
| 7358 Haustmesse                          | 16 004,10   | 12 000,00   | 7 914,51   | 1)  | 15 000  |
| 7359 Kurs                                | 6 749,00    | 8 000,00    | 281,00     |     | 8 000   |
| 7361 Barnelag                            | 9 801,91    | 10 000,00   | 10 332,34  |     | 10 000  |
| 7362 Aktiv                               | 10 000,00   | 25 000,00   | 2 164,70   |     | 25 000  |
| 7363 Herrenes Aften                      | 52 782,68   | 30 000,00   | 0,00       | 4)  | 40 000  |
| 7364 Konsert                             | 11 400,00   | 10 000,00   | 0,00       |     | 0       |
| 7365 Søndagsskulen                       | 10 000,00   | 5 000,00    | 0,00       |     | 5 000   |
| 7366 Brandøy                             |             |             | 7 300,00   |     | 0       |
| 7500 Forsikring                          | 41 110,00   | 45 000,00   | 44 961,00  |     | 46 000  |
| 7720 Bankgebyrer                         | 919,50      | 1 000,00    | 649,50     |     | 1 000   |
| 7790 Diverse kostnader                   | 5 588,27    | 5 000,00    | 980,00     |     | 2 000   |
| <b>SUM DRIFTSKOSTNAD</b>                 | 444 291,24  | 516 000,00  | 253 279,75 |     | 501 500 |
| <b><u>BYGGEKOSTNADER</u></b>             |             |             |            |     |         |
| 8420 Nedbetaling lån                     | 323 236,00  | 323 236,00  | 323 236,00 |     | 323 000 |
| <b>SUM BYGGEKOSTNADER</b>                | 323 236,00  | 323 236,00  | 323 236,00 |     | 323 000 |
| <b><u>FINANSINNTEKT- OG KOSTNAD</u></b>  |             |             |            |     |         |
| 8550 Renteinntekter                      | 9.187,00-   | 7.000,00-   | 5.540,00-  |     | -6 000  |
| 8750 Rentekostnader                      | 194 488,23  | 200 000,00  | 174 413,46 | 10) | 160 000 |
| <b>SUM FINANSINNTEKT- OG<br/>KOSTNAD</b> | 185 301,23  | 193 000,00  | 168 873,46 |     | 154 000 |
| <b>RESULTAT (Rødt Tall = undersk)</b>    | 130.108,56- | 246.764,00- | 77.250,70- |     | 51 750  |

Balanse 2020

**BALANSE 2020**

Moster Indremisjon

31.12.2020

**EIENDELER**

|                      |                     |
|----------------------|---------------------|
| 1500 Fordringer      | 10.872,05           |
| 1600 Salem bedehus   | 3.174.112,00        |
| 1900 Kasse           | 7.241,00            |
| 1950 Driftskonto     | 185.182,85          |
| 1970 Lånekonto       | 70.176,05           |
| 1975 Høyrentekonto   | 1.170.601,10        |
| <b>SUM EIENDELER</b> | <b>4.618.185,05</b> |

**EGENKAPITAL OG GJELD**

|                                 |                      |
|---------------------------------|----------------------|
| 2000 Egenkapital                | 1.430.788,57-        |
| 2240 Pantelån                   | 3.174.112,00-        |
| 2380 Aktiv                      | 2.731,18-            |
| 2390 Søtt&Salt                  | 4.245,60-            |
| 2391 Søndagsskolen              | 49,00-               |
| 2400 Leverandørgjeld            | 6.258,70-            |
| <b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b> | <b>4.618.185,05-</b> |

[Noter og kommentarar til rekneskap og budsjett](#)

I budsjettet for 2021 er det i hovudsak lagt inn arrangement og aktivitetsnivå som i 2019.

**Note 1**

Det vert føresett at vi kan arrangere Haustmesse. Budsjett på 200.000 er litt lågara beløp enn brutto inntekt i 2019. Merk at inntekta i 2020 på konto 3130 på kr. 163.0912 inneheld loddsal i Adventskalenderen og nokre andre inntektspostar.

**Note 2**

Føresetnad om at det blir arrangert HalloVenn til hausten.

**Note 3**

Føresetnad om at det blir arrangert Myldredag til hausten.

**Note 4**

Føresetnad om at Herrenes Aften blir arrangert med omfang om lag som i 2019.

**Note 5 Medlemskontingent**

Styret krevde inn kontingent for 2020 utover hausten. Betaling skjer på Vipps og bank. I rekneskapen er det bare ført 350 kr på konto 3140, men dert er innbetalt og bokført meir. Men det har vore vanskeleg å skilje ut kontingent ved Vipps-betaling i 2020. Det er no laga eige konto for medlemskontingent, så det blir bokført meir korrekt sum i 2021.

Budsjettinntekt for 2021: kr. 11.250. Føresetnad at 100 vaksne og 50 barn betaler h.h.vis kr. 100 og kr. 25 kvar i kontingent.

Note 6

Det har dei siste åra vore budsjettert med kr. 700.000 i inntekt frå fast gjevarteneste. I 2019 vart det innbetalt 586.000 og i 2020 kr. 607.000. Utgift til forsamlingsleiar gjer at vi bør auke gjevartenesta. For 2021 vert det budsjettert 700.000, dvs. ei auke frå i år på 93.000 kr.

Note 7

Forsamlingsleiar har 100% stilling i 2021. Men han har fått permisjon utan løn i 7 månader frå 1. februar for å ta imot forsterbarn. For 2021 får Salem ei lønnsutgift på kr. 62.000 inkl. sosiale utgifter per måned. For 5 månader utgjør det 310.000 kr. Det er lagt til 6.000 for mogleg lønnsauke.

Note 8

Det vert budsjettert kr. 50.000 i straum for 2021. Det er rin auke frå budsjettet i 2020 på 10.000 kr. Rekneskaper for 2020 viser om lag 25.000 på grunn av lågare aktivitet og forbruk. Til grunn for budsjettet ligg ein føresetnad om at forbruket vil auke noko igjen i 2021 og at straumprisen ligg noko høgare.

Note 9

Det er budsjettert med 80.000 kr. for å dekke investering av ny oppvaskmaskin i kjøken oppe og ny, raskare oppvaskmaskin i kjellar. Investeringa var budsjettert i 2020, men vart gjennomført og betalt i februar 2021.

Note 10

Til grunn for budsjettering av renteutgift ligg at gjelda årleg vert redusert med kr. 323.000, men at det kan kome ei viss auke i rentesatsen for 2021.

[Revisorane si godkjenning](#)

### Kommentarar rekneskap Salem 2020

Eit svært ryddig og oversiktleg rekneskap – me har ingen kommentarar.

Mosterhamn 03.02.21

*Ingunn Hilt Grindheim*

Ingunn Hilt Grindheim

*Camilla Rubach*

Camilla Rubach

## Godkjenning av budsjett for 2021, sak 6

[Sjå framlegg til budsjett under sak 5](#)

## Framlegg om kandidatar til val på årsmøtet

Sak 7-10

Etter gjeldande lov for Moster Indremisjon skal det vere 6 medlemmar i styret i tillegg til formann. Vanleg valperiode er 2 år. Formann veljast for eitt år av årsmøtet i eige val. Det skal og veljast 3 vararepresentantar for eitt år.

Desse har vore valnemnd siste året: Jarle Ingvaldsen, Bjørn Roar Kippersund og Solfrid F. Pedersen.

### Desse er valde i styret for eitt år til:

Vermund Hjelland  
Birgit Pedersen  
Unn Silje Stølen

### Valnemnda sine kandidatar til styret:

Elisabet Langset Esperø (tar attval for eitt år)  
Knut Fauskanger, veljast for 2 år  
Nils Otto Espeland, veljast for 2 år

### Valnemnda sine kandidatar til formann:

Det har per 08. mars ikkje lukkast valnemnda å få nokon til å stille som formann.

### Valnemnda sine framlegg til vararepresentantar til styret for 2021:

1. vara Jarle Ingvaldsen
2. vara Solfrid F. Pedersen
3. vara Solveig Stølen Solås

### Valnemnda sine framlegg til valnemnd for 2021:

Bjørn Roar Kippersund, attval. (leiar)  
Lars Espeland  
Roy Pedersen

### Styret gjer framlegg om attval av revisorane for 2021:

Ingunn Hilt Grindheim  
Camilla Rubach

## Samtale om arbeidet, sak 11